

Helseteknologi

og digital oppfølging i heimen

Informasjon

til tilsette og til deg
som bur i Stad
kommune






Kva er helseteknologi?

Helseteknologi, eller såkalla *velferdsteknologi*, er «ein samlebetegnelse på forskjellige typer teknologier i kombinasjon med en tjeneste, som gir personer bedre mulighet til å mestre eget liv og helse» (KS, 2021).

Helseteknologi som vi nyttar i Stad kommune er lokaliseringsteknologi (GPS), elektronisk medisineringsstøtte, digitale tilsyn med til dømes døralarmar eller rørslesensor, og til slutt digital heimeoppfølging gjennom eigenmålingar og nettbrett.



Tryggleiksalarm /GPS



Oppfølging på nettbrett



Oppfølging eigenmåling



Medisindispensar

Når kan det være aktuelt å bruke helseteknologi?

GPS: Du er pårørende til nokon med dårleg hukommelse som går ut og ikkje alltid finn vegen heim att?

Elektronisk medisineringsstøtte: Du er ikkje alltid sikker på kva dag det er og om du har tatt rett medisin til rett tid.

Digital heimeoppfølging: Du har psykiske utfordringar eller kronisk sjukdom som til dømes diabetes eller KOLS og treng oppfølging av helsetilstanden din.

Helse- og omsorgstenester i Stad kommune

For deg som innbyggjar

Innbyggjaren i Stad kommune sender inn søknad om helse- og omsorgsteneste, og helsepersonell avtalar tid for ei kartlegging. Når du søker om teneste i Stad kommune skal du beskrive kva behov du har for hjelp, så finn vi ut i lag om helseteknologi kan vere ei god løysing for deg.

helseteknologi er ikkje definert som ei eiga teneste i lovverket, men kan vere ein måte å yte helse- og omsorgstenester på. Helseteknologiske løysningar og hjelpemiddel blir alltid vurdert som fyrste val. Om det vert vurdert at det kan vere nyttig med helseteknologi, får ein vedtak på dette, og løysingane vert installert og følgt opp av kommunen.

Stad kommune har tenestestandard for tenester i helse og omsorg. Denne gjev deg som brukar god informasjon om dei ulike tenestene, og målet er å skape ei felles forståing for nivået på tenestene som vert ytt.

*Ein del helse-
og omsorgstenester
må ein søkje om å få.
Tildeling skjer utifrå
ditt hjelpebehov.*

Har du spørsmål vedrørande tildeling av helse – og omsorgstenester?

- Sjå www.stad.kommune.no, skann QR-kode, eller ring 948 16 515 for å snakke med ein sakshandsamar. For info om pris sjå [Gebyr- og betalingssatsar](#)



Tryggleiksalarm

Stad kommune tilbyr digitale tryggleiksalarmar. Alarmane er enkle å bruke, og tryggleiksalarmen løyser du ut aktivt sjølv ved å trykke på den. Den vil gje auka tryggleik for deg som bur heime. **Tryggleiksalarm og digitalt tilsyn verkar i bustaden din og rett utanfor denne.**



Alarmsentralen IKS i Florø tek i mot varsel frå tryggleiksalarm og helseteknologi og vidare sender alarmen til kommunen.



Mobil Tryggleiksalarm er ein moglegheit om du treng større rekkevidde på alarmen.



Elektronisk medisineringsstøtte

Treng du hjelp til handtering av medikament?

Ditt lokale apotek tilbyr privat multidose. Det vil alltid bli tatt ei vurdering på om du kan nytte dette tilbudet før ein får innvilga tenester frå kommunen. Ved behov for dagleg utlevering av medisinar vil elektronisk medisineringsstøtte i form av dispenser bli prøvd ut.



For å nytte multidosedispenser må du ha medisinar tillaga i ein multidoserull.

Du får låne multidosedispenser gratis i den perioden du treng det. Medikamenta må du betale for sjølv.



Mobili e-dosett

Om det er store endringar i medisinarne dine over tid, eller om du har behov for hjelp til å administrere behovsmedikament kan vi nytte ny dosett Mobili. Denne startar vi med hausten 2025.

Lokaliseringsteknologi, GPS

Treng du hjelp til å finne vegen tilbake?

Om du har nedsett hukommelse og ønskjer å kjenne deg trygg på at du får hjelp til å finne vegen heim, kan GPS vere ei god løysing.



GPS - klokke



GPS - anheng

GPS finst både som klokke eller anheng til å henge rundt halsen.



Varsel kan gå til Alarmsentralen IKS, helse- og omsorgstenesta eller pårørande.

Det er tovegs tale i GPS`en slik at du kan snakke med hjelparen din.

Vi kan også nytte desse som [Mobil Tryggleiksalarm](#) slik at du kan varsle sjølv om du er ute av bustaden din.

Digitale tilsyn

Helseteknologi som består av sensorar som varslar automatisk ved uønska hending reknast som **digitale tilsyn**. Dette er teknologiske løysingar som er tildelt etter helse- og omsorgstenestelova. Digitale tilsyn gjer at tenesteytar får melding dersom ein alarm blir utløyst automatisk.

Sensorar kan hjelpe deg å varsle automatisk ved behov

Teknologien har til formål å unngå fare, minske skade og tilkalle hjelp for deg dersom du ikkje er i stand til det, samtidig som det gjer auka fridom. Det vil gjerast ei individuell vurdering kva som er teneleg.



«Nattugla»

Trygg kameraløysing



Somnofy



Sengematte




Fallalarm

Digitale tilsyn kan nyttast både for heimebuande og for bebuarar på institusjon. Det er behovet til brukarane som avgjer kva teknologi vi skal nytte. Vi har i dag i bruk rørslesensor, dørsensor, innandørs posisjonering, laken som registrerar fukt, matte i seng og på stol, og røykvarslarar.

Nye tilbod som gjev betre ressursbruk og større tryggleik:

- **Somnofy** - ei digital nattevakt som overvakar helsedata; målar søvn, uro, pustefrekvens og miljø i senga.
Skan QR-kode for meir info.



- **Nattugla** er ei kameraløysing for trygg og effektiv oppfølging på natt. Løysinga nyttar sensorteknologi for å registrere aktivitet og varsle ved behov, slik at brukarane får auka tryggleik samtidig som tenesta kan jobbe meir målretta og skånsamt. Bidreg til betre ressursbruk og høgare kvalitet i omsorga.

Digital heimeoppfølging



Digital heimeoppfølging (DHO) er bruk av teknologiske løysingar som gjer at ein kan følgjast opp av helse- og omsorgstenesta heime.

Via løysinga kan ein ha videosamtalar mellom tenestemottakar, tenesta og td lege og pårørande. Ein kan følgje opp trening og behov i heimen.

Ein tek avtalte målingar i eigen heim, og svarer på spørsmål om helsetilstanden via eit nettbrett. Resultata vert overført til ei oppfølgingsteneste, som tek kontakt ved teikn til forverring eller om målingane er utanfor normalverdiane.

Utstyr som vert brukt i digital heimeoppfølging i Stad kommune:

- Nettbrett
- Blodtrykksapparat
- Blodsukkerapparat
- Pulsoksymeter (måler oksygenmetting og puls)
- Vekt



Teknologi du kan kjøpe sjølv

Det kjem stadig ny teknologi på marknaden som mange går til innkjøp av. Dette er teknologi som gjer kvardagen lettere, meir behageleg og kan bidra til at ein kan klare daglege aktivitetar på eiga hand.

Slik kan ein få ein lettere, tryggare og meir sjølvstendig kvardag.

Kva med:

- Robotstøvsugar?
- Robotplenklippar?
- Ledelys som slår seg på automatisk i gangen når ein skal på toalettet om natta?
- KOMP når ein ikkje forstår seg på ipad`en, og ønskjer å halde kontakt med familien sin?
- Smarthusteknologi som styrar lys, ventilasjon osv?
- Komfyrvakt
- Tidsbrytar



Tidsbryter



Robotstøvsugar



Ledelys




Komp

NAV Hjelpemiddel

Treng du hjelpemiddel til støtte i tid, orientering, kognisjon og kommunikasjon?

Kontaktpersonar i kommunen kan bistå med å søkje frå NAV Hjelpemiddelsentral.



Elektroniske døråls

Vi planlegg at alle som mottok tenester frå kommunane får elektronisk døråls for trygg og sikker nøkkelhandtering.

Leverandør for dette er ikkje avklart.

Ta gjerne kontakt for ein prat!

Har du spørsmål vedrørende
tildeling av helse – og omsorgstenester?

Sjå www.stad.kommune.no eller ring 948 16 515
for å snakke med ein sakshandsamar.



Sentralbordet
+47 57 88 58 00

Rådgjevar helseteknologi
+47 901 54 995

Sakshandsamararteamet
+47 948 16 515

Notatar:



Stad kommune

post@stad.kommune.no
www.stad.kommune.no